



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
30/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	05.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Oddbjørg Vestrheim		20/483

### HØYRINGSUTTALE - NEDLEGGING/FJERNING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL

#### Vedlegg:

Høyring av melding om riving av dam Trollkjelen, Vaksdal kommune, Vestland  
200203\_Konsesjonssøknad\_riving\_dam\_Trollkjelen.PDF

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet ber rådmannen utarbeida høyringsuttale til riving av dam Trollkjelen på Vaksdal.

Høyringsuttalen vert sendt til kommunestyret for endeleg avgjerd.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 30/2020

#### FPØ - Behandling:

Kjartan Haugsnes (SV) la fram eit felles tilleggsforslag frå Sp, SV og Høgre:

Formannskapet ber rådmannen utarbeide ein høyringsuttale i sak nedlegging/fjerning dam i Trollkjelen på Vaksdal som legg vekt på følgjande element.

- Vaksdal kommune ønskjer å bevare dammen i Trollkjelen som eit viktig 140 år gammalt industriminne i kommunen.
- Dammen i Trollkjelen må sjåast i samanheng med etablering av eit opplevingssenter på Vaksdal Mølle, der det visuelle i historia vert essensielt for senteret og det pedagogiske i høve industriell produksjon av matmjøl.
- Svært lite av kommunen si industrihistorie er bevart for ettertida. Dammen i Trollkjelen må sjåast i eit slikt perspektiv. Som det står inneleingsvis i boka «Møllevegen» «Vaksdal mølle har vore den største mølla i Skandinavia og ei av dei viktigaste møllene i Noreg. For bygda Vaksdal har ho betydd nesten alt! Historia om Vaksdal mølle er difor også historia om ei heil bygd, og samstundes ein viktig del av norsk vasskraft – og industrihistorie»

I samband med utarbeiding av høyringsuttalen ber formannskapet og rådmannen innhente uttale frå

Stormøllen/Felleskjøpet og arbeidsgruppe for opplevingscenter. I tillegg til dei openberre kulturpolitiske og historiske elementa ber ein og om at det vert framlagt ei vurdering i høve flaum og flaumvern av dagens bygningsmasse om dammen vert riven.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over fellesforslaget som vart samrøystes vedteke.

### **FPØ - Tilråding/Vedtak:**

Formannskapet ber rådmannen utarbeida høyringsuttale til riving av dam Trollkjelen på Vaksdal.

Høyringsuttalen vert sendt til kommunestyret for endeleg avgjerd.

Formannskapet ber rådmannen utarbeide ein høyringsuttale i sak nedlegging/fjerning dam i Trollkjelen på Vaksdal som legg vekt på følgjande element.

- Vaksdal kommune ønskjer å bevare dammen i Trollkjelen som eit viktig 140 år gammalt industriminne i kommunen.
- Dammen i Trollkjelen må sjåast i samanheng med etablering av eit opplevingscenter på Vaksdal Mølle, der det visuelle i historia vert essensielt for senteret og det pedagogiske i høve industriell produksjon av matmjøl.
- Svært lite av kommunen si industrihistorie er bevart for ettertida. Dammen i Trollkjelen må sjåast i eit slikt perspektiv. Som det står innleiingsvis i boka «Møllevegen» «Vaksdal mølle har vore den største mølla i Skandinavia og ei av dei viktigaste møllene i Noreg. For bygda Vaksdal har ho betydd nesten alt! Historia om Vaksdal mølle er difor også historia om ei heil bygd, og samstundes ein viktig del av norsk vasskraft – og industrihistorie»

I samband med utarbeiding av høyringsuttalen ber formannskapet og rådmannen innhente uttale frå Stormøllen/Felleskjøpet og arbeidsgruppe for opplevingscenter. I tillegg til dei openberre kulturpolitiske og historiske elementa ber ein og om at det vert framlagt ei vurdering i høve flaum og flaumvern av dagens bygningsmasse om dammen vert riven.

### **Saksopplysningar:**

Kommunen mottok til høyring melding om riving av dam Trollkjelen frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) den 17.04.2020. Tiltakshavar Småkraft AS har bede NVE om ei førehandsvurdering av konsesjonsplikt for riving av dam Trollkjelen i Vaksdal. Saka skal handsamast av NVE etter vassressurslova, slik at kommunen er ein rein høyringspart i dette tilfellet.

Rådmannen har ein merknad til eigartilhøva som er gjort greie for i søknaden: Småkraft AS er ikkje heimelshavar til gnr. 17, bnr. 12.

Dammens beliggenhet er sentralt i tettstedet Vaksdal, i Vaksdalsvassdraget, regine 061.4B0.



Figur 2: Geografisk plassering av tiltaket, rød sirkel



**Fig. 1:** Bilde fra dammen var ny, ca 1880. Fotograf K. Knudsen



**Fig. 5:** Dammen sett søfra fra Trollkjelsvegen. Foto: Småkraft AS

Illustrasjonane er henta frå søknaden til Småkraft AS.

### **Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Dam Trollkjelen er ikkje i drift og er av tiltakshavar vurdert å vera i dårleg stand, og utan flaumdempande verknad då han manglar tappeorgan. Småkraft AS viser til at det vil medføra utgifter å reparera dammen, samstundes som han ikkje genererer inntekter, og ynskjer såleis å riva dammen med heimel i vassressurslova § 41:

#### **«§ 41.(adgangen til å nedlegge vassdragsanlegg)**

*Hvis eieren av et vassdragsanlegg ikke lenger vil holde anlegget ved like, skal anlegget fjernes og vassdraget så langt som mulig tilbakeføres til forholdene slik de var før anlegget ble bygd. Før en nedlegging skal eieren gi alle interesserte underretning god tid i forveien.*

*Hvis nedlegging kan føre til påtakelig skade eller ulempe for allmenne interesser, kreves konsesjon etter § 8. Konsesjon skal gis om ikke særlige grunner taler imot. Vassdragsmyndigheten kan sette vilkår i konsesjonen etter reglene i § 26.*

*Vassdragsmyndigheten kan gi konsesjon til at nedlegging skjer på annen måte enn nevnt i første ledd, hvis det ikke vil medføre noen økt fare eller skade.»*

### **Bakgrunn for saka**

NVE skal på bakgrunn av meldinga frå Småkraft AS og innkomne uttalar frå høyringspartane, vurdere om det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova. Høyringspartar er Fylkesmannen i Vestland, Vestland fylkeskommune og Vaksdal kommune.

Kommunen som høyringspart er beden av NVE om å uttala seg om ålmenne interesser, andre faktiske tilhøve som er av betydning, samt naturmangfaldslova § 8:

#### **«§ 8.(kunnskapsgrunnlaget)**

*Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.*

*Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.»*

Døme på ålmenne interesser er friluftsliv, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar, informasjon om vilt m.fl. Andre faktisk tilhøve som er av betydning, er planstatus, eksisterande vassuttak m.fl.

## **Formelt grunnlag**

NVE skal handsama meldinga frå Småkraft AS med heimel i vassressurslova § 18, og vurderer saka etter §§ 8 og 10 i same lov:

### **«§ 8.(konsesjonspliktige tiltak)**

*Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten.*

*Vassdragsmyndigheten kan i forskrift eller i det enkelte tilfelle fastsette at tiltak utenfor vassdraget som kan ha påtakelige virkninger for et vassdrag, må ha konsesjon. I så fall gjelder også lovens øvrige regler om vassdragstiltak unntatt adgangen etter § 18 til å begjære forhåndsavgjørelse av om tiltaket er konsesjonspliktig.*

*Dersom et vassdragstiltak som går inn under første ledd må iverksettes straks for å hindre vesentlig skade, skal det gis melding til vassdragsmyndigheten så snart som mulig. Vassdragsmyndigheten kan om nødvendig gi pålegg om utførelsen og om retting.*

*Om konsesjonsplikt og konsesjonsbehandling gjelder ellers nærmere regler i kapittel 3.*

### **§ 10.(vannuttak og minstevannføring)**

*Ved uttak og bortledning av vann som endrer vannføringen i elver og bekker med årssikker vannføring, skal minst den alminnelige lavvannføring være tilbake, hvis ikke annet følger av denne paragraf. Det samme gjelder når vann holdes tilbake ved oppdemming.*

*I konsesjon til uttak, bortledning eller oppdemming skal fastsetting av vilkår om minstevannføring i elver og bekker avgjøres etter en konkret vurdering. Ved avgjørelsen skal det blant annet legges vekt på å sikre*

- a) vannspeil,*
- b) vassdragets betydning for plante- og dyreliv,*
- c) vannkvalitet,*
- d) grunnvannsføremster.*

*Vassdragsmyndigheten kan gi tillatelse til at vilkårene etter første og annet ledd fravikes over en kortere periode for enkelttilfelle uten miljømessige konsekvenser. Vedtak etter dette ledd kan ikke påklages.*

### **§ 18.(særskilt avgjørelse om konsesjonsplikt)**

*Vassdragsmyndigheten kan ved forskrift eller enkeltvedtak fastsette om et vassdragstiltak trenger konsesjon etter § 8 eller gi forskrift om at visse vassdragstiltak eller vassdragstiltak i nærmere angitte områder eller typer områder skal meldes til vassdragsmyndigheten. Vassdragsmyndigheten skal treffe enkeltvedtak etter første punktum dersom tiltakshaveren, berørt fagmyndighet eller andre med rettslig interesse begjærer det, og kan forby iverksetting før avgjørelsen er truffet. Klage over vedtak om at tiltaket må ha konsesjon, kan ikke gis oppsettende virkning. Regelen i § 27 gjelder tilsvarende.»*

## Vurdering og konsekvensar

Rådmannen har vurdert saka ut frå ålmenne interesser, andre faktiske tilhøve av betydning, og naturmangfaldslova. Formannskapet gjer vedtak om ein uttale basert på denne utgreiinga av saka.

### Ålmenne interesser.

Søknaden frå Småkraft AS omfattar også ei konsekvensutgreiing frå Rådgivende Biologer AS. Rapporten konkluderer med at fjerning av dammen og tilbakeføring til ein naturleg foss vil vera positivt for friluftslivet og auka opplevingsverdien i området. Området Parken/Trollkjelsvegen er eit viktig område for nært friluftsliv i Vaksdal, og er også eit registrert friluftslivsområde.

Dammen er ikkje registrert som Sefrak-minne (kulturminne). Han er ikkje nemnd i rapporten «*Innspeil til kulturminneplan for Vaksdal kommune 2011 – Dammar som kulturminne*». «*Kulturminneplan for Vaksdal kommune 2015-2018*» nemner Vaksdal mølle og fleire bygg i tilknytning, men ikkje dammen. Vaksdal mølle er registrert som kulturminne, men har ikkje vernestatus. Rapporten frå Rådgivende Biologer AS konkluderer med at riving av dammen ikkje vil påverka kulturminnet Vaksdal mølle. Lokaliseringa av kulturminna er vist i figur 8 og 9 i søknaden.

I rapporten vert tiltaket vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens for kulturarv og landskap.

Dammen frå 1880 er eit kjent landemerke for Vaksdal, med murdam, vasspegel og fossefall.

Dammen ligg sentralt til i bygda, og er godt synleg frå Trollkjelsvegen, fjorden og Bergensbana.

Sjølv om det ikkje er eit registrert kulturminne, er det ein viktig (og synleg) del av industrihistoria på Vaksdal, og eit vakkert element i landskapet. Rivinga vil nok endre elva/vassdraget sin karakter, og spørsmålet er om ein mistar noko verdfullt i høve til ålmenne interesser som landskapsbiletet og lokal identitet.

Når det gjeld verdifulle naturtypar, viser rapporten til at vassdraget er klassifisert som elvevassmassar, som har ein middels verdi som naturtype. Dette er nærare grunngjeve på side 36.

Det er ikkje knytt viltområde (jf «Viltet i Vaksdal») til Vaksdal eller vassdraget, og den einaste registrerte raudlistearten av fugl som har betydning for konsekvensutgreiinga, er fossekall. Vassdraget er ikkje registrert som lakseførande. Det er aure på elvestrekningane og i den sakteflytande dammen oppstraums Trollkjelen, men ikkje nedanfor. Det er registrert eit areal med fulldyrka jord i influensområdet, men rapporten konkluderer med at arealet er ute av drift, og har såleis ikkje konsekvens for tiltaket.

Ut frå at dammen er eit kjent landemerke på Vaksdal, og ut frå omsynet til lokal identitet og landskapsbiletet, kan dette tala for at saka bør konsesjonshandsamast etter vassressurslova.

### Andre faktiske tilhøve av betydning.

Planstatus for området der dammen ligg, omfattar både reguleringsplan og kommuneplanen sin arealdel. Reguleringsplanen er Vaksdal del vest, med planid 1982002, reguleringsføre mål friluftsområde i sjø og vassdrag. I kommuneplanen sin arealdel er området omfatta av framtidig kombinert bebyggelse og anleggsføre mål. Området er også i faresone for ras- og skredfare H310\_3

og faresone flaumfare.

Når det gjeld vassuttak, vert ikkje vasspegelen brukt til drikkevassforsyning, og ikkje lenger til produksjon av straum.

#### Naturmangfaldslova.

Dersom Småkraft AS får løyve hjå NVE til å riva dammen, må det takast omsyn til naturmangfaldet i anleggsfasen. Ein må unngå å få steinpartiklar i vassdraget av omsyn til fisk og botndyr, og unngå utslepp av olje og diesel. Konsekvensutgreiinga tilrår også at ein unngår sprengningsarbeid i tidsrommet april-juni for å ikkje forstyrre hekkande fugleartar.

Rådmannen vurderer at søknaden frå Småkraft AS og rapporten frå Rådgivende Biologer AS er grundig utgreidd, med atterhald om merknadene framfor.